



## REFERAT

### Meklingsmøte vedr. kommunedelplan for Vågslid, Vinje kommune

**Statens Hus, onsdag 7. mars 2018**

#### Til stades:

Vinje kommune:	Jon Rikard Kleven, ordfører Tone Edland, leiar i plan- og miljøutvalet Gry Åsne Alsvik, plan- og økonomisjef Lotte Næss, arealplanleggjar
Telemark fylkeskommune:	Fredrik Dale Refling, rådgjevar
Miljøvernavdelinga:	Hans Bakke, miljøverndirektør Anne Karen Haukland, seniorrådgjevar Anders Mydland, rådgjevar
Fylkesmannen i Telemark:	Kari Nordheim-Larsen Kristin B. Vindvad, seniorrådgjevar

Fylkesmann Kari Nordheim-Larsen leda møtet.

Det var kalla inn til meklingsmøte etter førespurnad frå Vinje kommune. Saken har vore handsama i Plan- og miljøutvalet 11.10.2017, og i Kommunestyret 19.10.2017. Kommunedelplanen alternativ 2, der areal det er knytt motsegn til er tekne ut, er vedtatt. Det står framleis att motsegn frå Fylkesmannens miljøvernavdeling til alternativ 1, med byggeområde F11 sør for vassdraget.

Det er motsegn til områda sør for Vågslivatn og Arbuvatn, som delvis går inn i omsynssone villrein jf. Heiplanen. Miljøverndirektøren har difor motsegn til heile området merka som F11 i kommunedelplan for Vågslid.

Det var og vist til at utvidinga av F11 ikkje er konsekvensutgreidd. Miljøvernavdelinga har drøfta saka og kome til at dei ikkje vil stå på at det må gjerast ei ytterlegare utgreiing sjølv om de ikkje vurderer det som er gjort for ei konsekvensutgreiing. Miljøvernavdelinga har bedt om å få klarlagt kor mange hytter som er planlagt i området og kor mange hytter planen totalt sett opnar for.

## **Innleiing ved fylkesmannen**

Fylkesmannen innleia med å gå gjennom meklarrolla. Fylkesmannen meklar i plankonfliktar for å forsøke å få partane til å finne ei løysing. Meklinga gjerast av fylkesmannen med nødvendig planfagleg bistand frå fylkeskommunen.

Fylkesmannen har fleire rollar i planprosessen, både som sektormynde og som samordnar gjennom rollen som meklar. Fylkesmannen vil derfor i løpet av meklinga ikkje kome med instruksjonar overfor avdelinga. I meklarrolla vil fylkesmannen vere nøytral, men vil ta stilling dersom partane ikkje kjem til semje og saken blir sendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Saka må i så fall takast opp i kommunestyret på nytt, og skal sendast via Fylkesmannen.

## **Vinje kommune**

Kommunen viste til at reiseliv er ei hovudnæring i Vinje, og Vinje er Noregs 4. største hyttekommune. Arbeidet med kommunedelplan for Vågslid har hatt ein lang prosess, og kommunen er forundra over motsegna som no står att for mekling.

Kommunen er samd i at det er viktig å ta omsyn til villreinen. Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (Heiplanen) pkt. 2.6 viser til kunnskapsgrunnlaget for denne planen, og dette er grunnlaget for sonene i Heiplanen. Heiplanen har tre ulike soner; nasjonalt villreinområde, omsynssone villrein og bygdeutviklingssone.

Hytteområde F11 i kommunedelplanen ligg innanfor bygdeutviklingssona i Heiplanen, der det fagleg er avklart at det kan leggjast til rette for utbygging. Heiplanen seier ingenting om omfanget av utviklinga som skal kunne kome.

Kommunen er samd i at villrein er viktig å ta omsyn til i planlegginga, men meiner dette er ivaretatt godt nok i Heiplanen. Kommunen viser til at Heiplanen har avklart at kommunen kan opne for utbygging innanfor bygdeutviklingssona utan at det går ut over villreinen. Kommunen har i kommunedelplanen for Vågslid berre tatt i bruk ein liten del av området som er vist som bygdeutviklingssone innanfor planavgrensinga.

Kunnskapsgrunnlaget for kommunedelplanen er både Heiplanen og ein eigen rapport som kommunen har fått utarbeidd av Faun Naturforvaltning AS. Vidare har kommunen utarbeidd ein Sti- og løypeplan som gir retningsliner for tilrettelegging av ferdsel framover.

På spørsmål gav kommunen overslag på at F11-feltet kan romme ca. 350 hytter.

## **Miljøvern avdelinga**

Villrein er ein internasjonal ansvarsart for Noreg, og Setesdal-Vesthei er det nest største villreinområdet i Noreg. Vinterbeite sin del av totalt beiteareal er veldig lite, under 10 %, og er særskild viktig å ta vare på. Mange av vinterbeitene ligger nord og øst i villreinområdet, dvs. innanfor grensene til Vinje kommune. Klimaendringar har ført til auka problem med ising på vinterbeite. Området er utsett for menneskeleg påverknad, som kraftmagasin, vegar og hyttebygging.

Auka ferdsel inn i vinterbeiteområdet er ikkje bra for villreinen. Kartlegging av påverknad frå ferdsel viser at grad av hyppigheit av forstyrringar gir ein avvisingseffekt.

Miljøvernavdelinga varsla alt i 2008 at det var problem med nærleik til villreinområdet. Planen var på offentleg ettersyn i 2013, og det blei då reist motsegn til fleire område. Det har vore ein dialog mellom partane, og miljøvernavdelinga har bidratt til å finne løysning ved å trekke motsegn til fleire areal. Det blei og skissert ei mogleg løysning for F11-området.

I 2015 var det nytt offentleg ettersyn av planen, og kommunen utvida område F11 og opna for fleire hytter. Motsegna til område F11 er knytt til *omfanget* av hyttebygging og ferdselen som utbygginga vil generere inn i villreinområda. Mindre del av område F11 er i tillegg lagt innanfor grensene til omsynssone villrein i Heiplanen.

Området sør for vassdraget fungerer i dag som eit nærfriluftsområde. Framtidig hyttebygging innanfor F11 vil skyve ferdselen lenger sørover og inn i villreinområdet. Miljøvernavdelinga meiner vassdraget gir ei god avgrensing av hyttebygging, men har signalisert klart at det er omfanget av hytter og den ferdselen som dette inneber som er mest problematisk.

Miljøvernavdelinga meiner Heiplanen er retningsgivande for framtidig arealforvaltning. Samstundes er planen grovmaska, og i samband med kommuneplanlegging må både villreininteresser og andre forhold bli belyst gjennom konsekvensutgreiing. Vidare gir naturmangfaldlova krav om at føre-var-prinsippa må vurderast i planlegginga.

Omfanget av utbygging innanfor område F11 er ikkje konsekvensutgreidd godt nok i samband med utarbeiding av kommunedelplanen. Det har vore ein lang planprosess, og miljøvernavdelinga meiner at det ligg føre god nok kunnskap til å kunne seie at omfanget av hyttebygginga og ferdselen dette genererer har konsekvensar for villreinen.

Dei delar av område F11 som ligg utanfor bygdeutviklingssona må takast ut og omfanget av delområdet F11 må reduserast, alternativt må talet på hytter avgrensast. Vidare må det vere rom for løyper og grønstruktur innanfor område F11 for å ivareta nærfriluftslivet. Sti- og løypeplanen må følgjast opp for å kanalisere ferdselen.

## **Telemark fylkeskommune**

Fylkeskommunen ser at hyttenæringa er viktig for kommunen, men meiner utvidinga av F11 ved andre gangs offentleg ettersyn inneber ei vesentleg auke av hytter. Heiplanen er ein regional plan som er grovmaska, og på detaljnivå må det vere egne prosessar og utgreiingar. Fylkeskommunen meiner at miljøvernavdelinga gjev rimelege innspel når det gjeld omfanget av hyttebygging. Sjølv om område F11 ligg innanfor bygdeutviklingssona i Heiplanen er det ikkje ønskjeleg med ei total utnytting av denne sona til utbygging.

## **Konklusjon – Oppsummering**

Både avgrensing og omfang av utbygging blei diskutert, utan partane kom fram til semje i møtet. Motsegna til planen står framleis.

Kommunestyret kan velje å sende planen til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Den vidare saksgangen går fram av rundskriv H-2/14 *Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven* frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Fylkesmannen takka for møtet.

Kari Nordheim-Larsen

Kristin B. Vindvad  
seniorrådgjevar, ref.

*Referatet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*